



Grunneigarar/rettshavarar

**Vår dato:** 02.01.2023

**Vår ref.:** 202210862-5 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

Sakshandsamar:

Tanja Midtsian

22959493/tcm@nve.no

## Høring av melding og invitasjon til offentlig møte om ny 132 kV kraftledning Strand–Finnøy–Rennesøy

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding om ein ny 132 kV kraftledning mellom Strand og Rennesøy, via Finnøy, og nye Tau og Finnøy transformatorstasjonar. Anlegga er planlagt i Stavanger og Strand kommune i Rogaland. Meldinga er no på høring, og de kan uttale dykk innan **24. februar 2023**.

Meldinga med forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/8847/A](http://www.nve.no/8847/A).

### NVE held offentlig møte om saka

- Tysdag 17. januar kl. 19.00 i Fleirbrukshallen på Judaberg, Finnøy
- Onsdag 18. januar kl. 19.00 på Nordre Strand Oppvekstsenter på Fiskå

På møta vil NVE orientere om handsaminga av meldinga og forslag til utgreiingsprogram, og Lnett orientere om planane. Møta er ope for alle.

### NVE ber om fråsegner til meldinga

Fråsegn kan sendast til NVE innan 24. februar på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202210862 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

### Meldinga med forslag til utgreiingsprogram

Lnett har utarbeida melding med forslag til utgreiingsprogram etter reglane i forskrift om konsekvensutgreiingar og NVE sin rettleiar. Målet med meldinga er å gje ei tidleg varsling av tiltaket. Gjennom høring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva for utgreiingar som bør gjennomførast før konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget vert utarbeida.

Lnett grunnjev meldinga med at dei treng å betre forsyningstryggleiken for Rennesøy og Finnøy, og leggje til rett for auka forbruk og elektrifisering i regionen. Eksisterande nett



vart i hovudsak byggja på 1970- og 80-talet, og utfordringar med vedlikehald aukar risikoen for feil og utkoplingar. Det er òg eit mål om å heve spenninga i regionalnettet til 132 kV.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer  
seksjonssjef

Tanja Midtsian  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*